

Vedlegg 1 KDU - Rapportering og styringsdialog

Tabell 1. Rapporteringskalender

Månad	Rapportering/møte
Januar	• 5. januar: Oversyn over kommunikasjonssaker • 13. januar: Verksemda si oversending av rekneskapsrapport til statsrekneskapen for 2011 med forklaringar • 15. januar: Kassarapport • 26. januar: Overføring av ubrukte midlar til 2012
Februar	• 5. februar: Oversyn over kommunikasjonssaker • 15. februar: Kassarapport
Mars	• 5. mars: Oversyn over kommunikasjonssaker • 15. mars: Kassarapport • 1. mars: Tentativ dato for innspel til tilleggsløyvingar og omprioriteringar i 2012-budsjettet (RNB)* • 30. mars: Sende over årsrapport for 2011 • 30. mars: Rapportering til styringsmøtet 18. april • 30. mars: Framlegging av risikoanalyse
April	• 5. april: Oversyn over kommunikasjonssaker • 15. april: Kassarapport • 18. april: Styringsmøte
Mai	• 5. mai: Oversyn over kommunikasjonssaker • 14. mai: Gjennomgang av rekneskapen pr. 30.04.12 • 14. mai: Innspel til Prop. 1 S (2012–2013) med utgangspunkt i bestilling frå departementet • 15. mai: Kassarapport
Juni	• 5. juni: Oversyn over kommunikasjonssaker • 15. juni: Kassarapport
Juli	• 5. juli: Oversyn over kommunikasjonssaker for juli og august • 15. juli: Kassarapport
August	• 9. august: Gjennomgang av rekneskapen pr. 30.06.11 • 9. august: Sende over halvårsrapport for 2012 • 15. august: Kassarapport
September	• 5. september: Oversyn over kommunikasjonssaker • 15. september: Kassarapport • 20. september: Tentativ frist for innspel til nysalderinga i haustsesjonen (2012-budsjettet)*
Oktober	• 3. oktober: Rapportering til styringsmøtet 17. oktober • 3. oktober: Innspel til tildelingsbrev for 2013

	• 3. oktober: Forslag til satsingar og innsparingstiltak for statsbudsjettet 2014* • 5. oktober: Oversyn over kommunikasjonssaker • 15. oktober: Kassarapport • 17. oktober: Styringsmøte
November	• 5. november: Oversyn over kommunikasjonssaker • 15. november: Kassarapport
Desember	• 1. desember: Oversikt over gjennomførte evalueringar i 2012, samt pågåande og planlagde evalueringar • 5. desember: Oversyn over kommunikasjonssaker • 14. desember: Spesifikasjon av driftspostar for statsbudsjettet 2013 • 15. desember: Kassarapport
Januar 2013	• 15. januar: Kassarapport • Verksemda si oversending av rekneskapsrapport til statsrekneskapen for 2012 med forklaringar*

* Endeleg frist kan bli gitt på eit seinare tidspunkt i eit eige brev.

Styringsmøta

Styringsmøta skal handle om resultat- og måloppnåing. Dei satsingsområda som er peikte ut, skal stå mest i sentrum i styringsmøta. Vidare skal møta nyttast til å utveksle informasjon om arbeid som går føre seg og andre aktuelle saker i Distriktssenteret. Departementet kallar inn til møta, leier dei og er ansvarleg for dagsorden og referat. Departementet sender referata frå styringsmøta til Distriktssenteret med kopi til Riksrevisjonen.

I samband med styringsmøta skal Distriktssenteret sende ein rapport på same vis som i 2011. Dokumentasjon til møta skal oversendast minimum to veker før møtetidspunktet.

Rapportane skal mellom anna innehalde desse punkta:

- satsingsområda og hovudmåla for 2012 med særleg vekt på
 - eventuelle avvik
 - graden av måloppnåing
- økonomisk status
- ei oversikt over utgreingar som Distriktssenteret har ansvaret for, og der eventuelle saker av politisk interesse er markerte
- Oversikt over eventuelle planlagde vesentlege endringar
- oppdatert risikovurdering